

# Fjågesund Posten

Nr. 2 mai 2013



## KONSERT I FJÅGESUND KYRKJE

Suorøid med Anne Gravir Klykken torsdag 2. mai kl. 19.00. Sal av billetter i døra. Inngang kr. 200,- pr. pers. Kr. 500,- for familie. Arrangør: Fjågesund og Kilen sokneråd.

## DUGNAD RUNDT KYRKJA

måndag 6. mai kl. 18.00. Ta med rive, trillebår, traktor, o.s.v.


## DUGNAD PÅ GRENDEHUSET

tysdag 7. mai kl. 18.00, og onsdag 8. mai kl. 18.00 om vi ikkje blir ferdige på tysdag. Ta med rive, trillebår, traktor, o.s.v. Vasking inne av vindauge o.s.v.

## KONFIRMASJONGUDSTENESTE

Kristi Himmelfartsdag torsdag 9. mai kl. 11.00. Konfirmanten i år er Hans Tarjei Fjågesund. Oftr. til Kirkens Nødhjelp.






## 17. MAI.

Program:

- Tog frå brua kl 12.00
- Messe kl 12.30 v/Jørgensen

På Grendehuset etter messa:

- Kaffi og kaker
- Utlodding
- Natursti
- Leikar med premiering
- Premieutdeling for skikarusell, bok i ljosløypa og på Hyvre



Arr. Fjågesund Grendehuslag.



## M/S VICTORIA

har sin første tur for sesongen laurdag 18. mai, og vi oppmodar alle til å helse ho velkomen denne dagen!

Det blir ei lita samling på Fjågesund bryggje. Båten passerer ca. kl 15.20. Ta med flagg.

## M/S HENRIK IBSEN

kjem søndag 19. mai ca kl 11.10.



# TELEMARKS KANALRITTET

laurdag 25. mai.

Dalen – Lunde: 100 km for aktive turryttarar og mosjonistar. Kviteseid – Lunde: 55 km for mosjonistar. Rundløype: 24 km Lunde – Flåbygd – Lunde trim for familien.

Matstasjon ved krysset til Fjågesundbrua.

# TUR TIL ØSJENG

søndag 26. mai. Dei som vil gå startar kl. 10.00 frå krysset til Nord Østenå. Bommen til Øsjeng vil stå open denne dagen, så dei som vil køyre bil kan det.

# TELEMARK TOURS

passerer Fjågesund laurdag 1. juni. Løypa er 25 mil, og i staden for å gå over Gautefallheia til Vrådal går den forbi Tørdal og vidare til Vrådal. Løypa fortset så til Fjågesund for å klatre over heia tilbake til Tørdal og ned mot Drangedal igjen før den fortset til Lunde, Ulefoss og målgong i Skien. Når dei fyrste passerer er litt usikkert, men frå ca. 11.00 - 11.30 og utover dagen.

# IDRETTSMERKETAKING

og grillig for store og små hjå Tove og Marcel søndag 16. juni kl. 12.00. Ta med grillmat.

# GUDSTENESTE

i Fjågesund kyrkje Søndag 23. juni kl. 11.00 v/Jørgensen.

# SJØORMLØPET

laurdag 29. juni, start fra kl. 10:00. Årets løype-trasé er Seljord - Garvik - Telnes- Sanda - Bø - Oterholt - Vreimsida - Verpe - Manheimsida - Seljord. Løypa er ca. 70 km lang.

# TUR TIL HJØRTURSPLASS

søndag 30 juni. Vi møtas på grendehusplassen kl 15.00, og kvar enkelt kan velje om dei vil sykkle, gå eller køyre bil. Ta med niste, fiskestong, o.s.v.

Sjå også heimesida til Fjågesund på:  
[fjaagesund.no](http://fjaagesund.no)

Fjågesund IL er på Facebook